



Kommunane i Hordaland
Helse Bergen HF
Helse Fonna HF
Haraldsplass Diakonale Sykehus

Ber om tilbakemelding - turnusplassar for fysioterapeutar 15. august 2019 - 14. august 2020

Turnusåret 15. august 2019 - 14. august 2020 treng vi om lag 145 plassar til turnusfysioterapeutar frå NTNU og Høgskulen på Vestlandet. Dette er talet på studentar som i august 2018 skal byrje på 3. året av utdanninga. Talet kan verte endra. Studentar som etter planen skulle ha byrja turnustenesta 15. august 2018, men som av ein eller annan grunn ikkje kan byrje, kjem i tillegg.

Vi får informasjon om lag 1. november 2017 om det kjem turnusfysioterapeutar med utdanning frå utlandet som skal ha turnusteneste 15. august 2019 - 14. august 2020 i region Midt- og Vest Noreg.

Innan 1. november 2018 ber vi om å få opplysningar om kor mange turnusfysioterapeutar som de kan ta imot. Vi ber også om å få opplyst om de har faglege føresetnader for å ta imot fleire.

Opplysningane vi treng er:

informasjon om kor mange turnuskandidatar kvar kommune og sjukehus/helseinstitusjon kan ta imot kvart halvår 15. august 2019-14. august 2020

- namn, postadresse, e-postadresse og telefonnummer til kvar turnusstad
- namn på kontaktperson/rettleiar for turnuskandidat, e-postadresse og telefonnummer til vedkomande

Vi ber om at helseføretaka koordinerer innsamling av opplysningane frå verksemdene i føretaket. Studentane spør etter informasjon om kva avdeling/avdelingar i sjukehuset turnusplassane er ved. Dersom vi kan få opplyst dette, vil vi sørgje for at opplysningane kjem med på trekningslista.

I tilfelle det vert nødvendig å be Helsedirektoratet om å gje pålegg, tek det om lag fire månader frå pålegg vert gitt til det er avklart om plassen/plassane er tilgjengelege.

Av omsyn til dei som skal velje turnusplassar, bør trekningslista vere klar før 1. mars 2019. For å få dette til, treng vi opplysningane frå dykk innan fristen 1. november 2018.

Ver venleg å bruke vedlagte skjema ved tilbakemelding og send opplysningane til fmhpostmottak@fylkesmannen.no

Med helsing

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Siri Mæland
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg